



Notat

Dato: 19.10.2018
Arkivsak: 2014/12154-25
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Sjukefråvær i HFK 3. kvartal 2018

Samandrag

Sjukefråværet gjekk ned med 0,64 prosentpoeng i tredje kvartal, frå 5,34 prosent i 2017 til 4,70 prosent i 2018, ein reduksjon på 12,04 prosent. Reduksjonen gjeld begge kjønn, men størst for menn. Eigenmeldt fråvær gjekk litt ned, medan det legemeldte fråværet vart markant redusert. Reinholdarane har framleis høgast fråvær, medan pedagogane har lågast. Dei eldste arbeidstakarane har høgast fråvær, samtidig er reduksjonen dette kvartalet størst blant dei eldste.


Avdelingsvis har fråværet dei første tre kvartala gått ned i Økonomi og organisasjonsavdelinga, Regionalavdelinga, Bybanen utbygging og Opplæringsavdelinga, medan fråværet har auka i Eigedomsavdelinga, Samferdselsavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga og Tannhelseavdelinga.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen HR Analyse. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved barns/barnepassars sjukdom er ikkje med i denne statistikken.

Sjukefråværsutviklinga over tid

Figur 1 Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 3. kv. 2015 – 3. kv. 2018




Fráværet i tredje kvartal 2018 var på 4,70 prosent, mot 5,34 prosent i tredje kvartal 2017, ein nedgang på 0,64 prosentpoeng. Dette utgjør ein markant reduksjon på 12,04 prosent. Kvartalstalet er det lågaste registrerte for tredje kvartal i HFK etter at ein fekk slik kvartalsstatistikk i 2002.

Sjukefráværet dei tre første kvartala i år var på 5,4%, mens det for tilsvarande i 2017 var på 5,71%, ein nedgang på 0,30 prosentpoeng. Dette utgjør ein reduksjon på 5,27 prosent.

Kjønnsfordeling


Sjukefráværet for kvinner gjekk ned frå 6,35 til 5,79 prosent, ein reduksjon på 8,7 prosent. For menn gjekk fráværet ned frå 3,96 prosent til 3,16 prosent, ein reduksjon på 20,24 prosent. Det er no ca. 83 prosent høgare frávær for kvinner enn menn. Same periode i fjor var skilnaden på ca. 60 prosent

Figur 2: Sjukefrávær i heile HFK, fordelt på kjønn, 3. kv. 2018 samanlikna med 3. kv. 2017



Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefrávær

Figur 3: Sjukefrávær i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 3. kv. 2018 samanlikna med 3. kv. 2017.



Ein ser av figur 3 at eigenmeldt frávær er litt redusert, frå 0,77 til 0,74 prosent. Samstundes har det legemeldte fráværet gått markant ned, frå 4,58 til 3,96 prosent.

Fordeling på avdelingane dei tre første kvartala i år

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.


Figur 4: Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 1, 2 og 3 kvartal 2018 samanlikna mot same tidsrom i 2017.

Avdeling	Gj.snitt bemanning 1-3 kv 18	1-3 kvartal 17	1-3 kvartal 18	Differanse	Differanse %
Konsern	4003,5	5,71 %	5,40 %	-0,30	-5,3 %
EIGEDOMSAVDELINGA	238,5	8,63 %	8,75 %	0,12	1,4 %
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	177,7	4,72 %	3,66 %	-1,06	-22,5 %
REGIONALAVDELINGA	72,6	5,54 %	4,88 %	-0,66	-12,0 %
SAMFERDSELSAVDELINGA	101,3	4,16 %	5,43 %	1,26	30,4 %
BYBANEN UTBYGGING	43,1	7,98 %	1,84 %	-6,14	-77,0 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	76,5	3,90 %	5,81 %	1,90	48,7 %
TANNHELSEAVDELINGA	350,9	8,75 %	9,02 %	0,27	3,1 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	2926,4	5,23 %	4,88 %	-0,36	-6,8 %

Figur 4 viser at fråværet auka i Eigedomsavdelinga, Samferdselsavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga og Tannhelseavdelinga. I dei andre avdelingane vart fråværet redusert dei tre første kvartala i år samanlikna med same tidsrom i 2017. Det høyrer med til biletet at Tannhelseavdelinga har redusert fråvær i tredje kvartal i år, og er no nede på 7,55 prosent, det lågaste kvartalstalet sidan 2015.

Stillingsgrupper

Figur 5: Sjukefråvær i heile HFK, pr. stillingsgruppe, 3. kv. 2018 samanlikna med 3. kv. 2017.




Av figur 5 går det fram at det framleis er store variasjonar mellom stillingsgruppene. Sju av gruppene har auka fråvær, medan tre grupper har redusert. Pedagogane vil som vanleg veie tyngst i samla tal for

sjukefråværet. Reinhaldarane har framleis høgt fråværet, medan tannhelsesekretærane og tannpleiarane har hatt kraftig reduksjon dette kvartalet.

Aldersfordeling

Figur 6: Sjukefråværet i heile HFK, pr. aldersgruppe, 3. kv. 2018 samanlikna med 3. kv. 2017.



Av figur 6 ser ein at fråværet er redusert i alle aldersgrupper over 30 år. Det er framleis høgast fråværet blant dei eldste arbeidstakarane, sjølv skilnadene er mindre no enn tidlegare.